

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 09.06.2016
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per mai 2016**

Arkivsak

2016/691

Styresak 034/2016

Styremøte 17.06.2016

Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per mai 2016 vert teken til vitande.

Rapportering fag

Ventetid ventande

Ventetid for dei ventande held seg nede på 41 dagar i mai, og ei svært god utvikling. Dette er eit bra utgangspunkt før sommarferieperioden då det vanlegvis vert noko stigning. Restgruppa av tidlegare uprioriterte pasientar er også i ferd med å bli fasa ut.

Tal på ventande

Samla tal ventande pasientar er 4489, noko som er noko opp frå førre månad, men ei klart handterleg mengde.

Ventetid for starta behandling

51 dagar i mai, og langt under fjoråret.

Fristbrot samla (ubehandla/behandla)

Samla sett er det i april registrert 9 fristbrot (0 prosent), bør likevel ha merksemd framover.

Langtidsventande 365 dagar+

Her er det no berre 1 pasient att i mai. I gruppa over 180 dagar er det 25 stk.

Direkte timetildeling/ikkje møtt

91 prosent for første time, og 65 prosent for oppfølgingstimar. Pasienten måtte ikkje til 2,6 % av konsultasjonane i mai.

Epikrisetider

Epikrisetider innan 7 dagar i somatisk del var 95 prosent i mai, og tilsvarande 71 prosent for dag 1, noko som er kan sjå ut til å halde seg over tid.

I psykisk helsevern (PHV) er epikrisetider innan 7 dagar på 89 prosent. PHV har i mai ein vesentleg reduksjon i delen epikriser første dag til 24 prosent, noko som krev særleg merksemd framover.

Korridorpasientar

Talet er lågt i mai med samla sett 9 stk (0,1 prosent). Det har vore nedgang siste månader.


Utskrivingsklare pasientar

12 slike i mai, som er nedgang frå førre månad.

Stryking av planlagde operasjonar

Beste noterte måloppnåing med 1,5 prosent i mai.

Beleggsprosentar



Oversikta syner ikkje om bemanninga er tilpassa belegget.

Direkte timetildeling/ikkje møtt

	jul.15	nov.15	jan.16	mar.16	apr.16	mai.16
HELSE BERGEN HF	70 %	86 %	85 %	81 %	82 %	77 %
HELSE FONNA HF	75 %	84 %	84 %	86 %	88 %	86 %
HELSE STAVANGER HF	71 %	90 %	90 %	88 %	87 %	88 %
HELSE FØRDE HF	68 %	90 %	93 %	93 %	92 %	91 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	73 %	86 %	91 %	93 %	91 %	93 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	62 %	95 %	96 %	95 %	95 %	93 %
PSYKISK HELSEVERN	66 %	86 %	78 %	75 %	79 %	56 %

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 070	2 171	(102)	2 123	(53)	10 771	11 013	(242)	10 985	(215)
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	43	55	(12)	49	(7)	214	258	(44)	239	(24)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 112	2 226	(114)	2 172	(60)	10 985	11 272	(287)	11 224	(239)
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	115	157	(42)	174	(59)	808	782	26	1 044	(236)
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 185	2 328	(144)	2 297	(112)	11 579	11 795	(216)	12 029	(451)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	334	356	(22)	336	(2)	1 811	1 810	1	1 733	78
Tal dagkirurgi/dagbehandling	965	1 030	(65)	965	-	5 057	5 201	(144)	5 196	(139)
Tal sjukehusopphald	1 495	1 624	(129)	1 608	(113)	7 594	7 944	(350)	8 127	(533)
Tal polikliniske konsultasjonar	10 958	10 318	640	10 086	872	56 417	52 503	3 914	51 820	4 597

Perioden

Aktiviteten i perioden var 6,0 prosent høgare enn førre året, målt i tal behandla pasientar. Det er den polikliniske aktiviteten som har vore høg. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 2,8 prosent lågare enn året før. Begge dei somatiske klinkkane har hatt høgare poliklinisk aktivitet i mai, medan tal dagbehandlingar og døgnopphald har vore lågare enn planlagd for begge klinkkane.

Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 287 DRG-poeng etter budsjettet (-2,5 prosent). Vi ligg 2,1 prosent bak fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (147 poeng), men har ein auke på 6,0 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Veksten skjer i polikliniske konsultasjonar. Dagkirurgi/dagopphald har ei nedgang på 2,7 prosent mot fjoråret (139 pasientar). Mellom anna er det gjennomført færre dialysebehandlingar. Poliklinisk aktivitet er 8,9 prosent høgare enn fjoråret (4.597 konsultasjonar). Vi har 533 færre heildøgnsopphald enn i fjor (-6,6 prosent).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 743	1 423	320	1 701	42	8 118	7 055	1 063	7 284	834
Tal utskrivne pasientar	93	92	1	97	-4	509	464	45	424	85
Poliklinisk dagbehandling	32	104	-72	25	7	157	521	-364	144	13
Polikliniske kons. m/refusjon	1 871	2 074	-203	1 913	-42	10 867	10 256	611	10 090	777
Rus										
Tal heildøgnsopphald	711	624	87	614	97	3 130	3 081	49	3 105	25
Tal utskrivne pasientar	17	14	3	14	3	74	65	9	71	3
Polikliniske kons. m/refusjon	254	276	-22	268	-14	1 420	1 375	45	1 387	33
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	104	118	-14	139	-35	458	592	-134	651	-193
Tal utskrivne pasientar UPH	6	5	1	5	1	39	27	12	47	-8
Polikliniske kons. m/refusjon	1 480	1 445	35	1 529	-49	8 177	7 383	794	8 372	-195

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innanfor VOP er litt svakare enn plan i perioden. Akkumulert er vi betre enn både budsjett og førre året.

Innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling har vi høg aktivitet målt mot både budsjett og fjoråret.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden er god, med færre heiløgnsopphald enn i budsjett og fleire polikliniske konsultasjonar.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	178 746	178 746	0	883 161	883 161	-0
Inntekter pasientbehandling	52 296	56 506	-4 210	274 399	284 522	-10 123
Øyremerka tilskot	3 480	2 520	960	13 771	12 600	1 170
Andre driftsinntekter / Eigenandelar	12 388	13 018	-631	64 292	63 456	836
Sum driftsinntekter	246 910	250 790	-3 881	1 235 622	1 243 739	-8 117
Kjøp helsetenester	12 909	12 293	616	57 547	61 465	-3 918
Varekostnad	23 602	23 904	-302	117 483	118 899	-1 416
Innleige personell	1 469	1 956	-487	7 383	6 150	1 233
Personalkostnader	131 406	134 498	-3 092	663 280	665 513	-2 233
Pensjonskostnad	22 809	31 879	-9 070	113 733	159 393	-45 660
Ordinære avskrivningar	8 346	8 429	-83	41 012	42 146	-1 134
Andre driftskostnader	37 831	37 050	781	187 342	186 270	1 073
Sum driftskostnader	238 372	250 010	-12	1 187 779	1 239 835	52 055
Driftsresultat	8 537	781	8	47 843	3 904	43 939
Finansinntekter	200	117	83	790	583	206
Finanskostnader	119	314	-196	632	1 571	-939
Finansresultat	81	-198	279	157	-988	1 145
Ordinært resultat	8 619	583	8 035	48 000	2 917	45 084
Korrigerings pensjonskostnader	-9 156	0	-9 156	-45 780	0	-45 780
Korrigert resultat	-537	583	-1 121	2 220	2 917	-696

Perioden

Etter å ha korrigert for auka pensjonskostnad er perioderesultatet negativt med 537 000 kroner som er 1,1 millionar dårligare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter var lågare enn budsjett og forklarar avviket. Det har vore litt lågare kostnader til løn i mai, men dei variable tillegg for mai blir bokført i juni så dei er ikkje med.

Hittil i år

Aktivitetsbaserte inntekter er så langt i år vore lågare enn venta. Det har vore ein nedgang i tal innlagde pasientar samalikna med budsjett og førre år.

Når det gjeld kjøp av helsetenester har det vore lågare kostnader til kjøp av tenester i andre regioner. Det har og vore lågare kostnader til medikament så langt i år. Vidare er kostnadene til innleige av naudsynt personell vore høgare enn planlagt. Dette gjeld særleg innleige av legar. Dei låge pensjonskostnadene reknar vi med blir motrekna mot basisløyvinga som tidligare år. Elles har vi same trend på kostnadssida som tidligare månader.

Låg rente og positiv likviditet gjer eit betre finansresultat enn venta.

Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 307 mill. Per 1. juni var det 41 mill. positiv likviditet i Helse Førde.

Prognose

Helse Førde har gjennomført eit arbeid for å lage ei årsprognose. Sjølv om det er fleire risikomoment som gjer prognosen usikker, trur vi at det samla rekneskapsresultatet blir i tråd med budsjett. Særleg er det knutt uvisse til utviklinga i aktivitetsbaserte inntekter, medikament- og personalkostnader. Helse Førde arbeidar difor med å sikre at rekneskapsresultatet blir i tråd med budsjettet.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i april var 6,9 prosent mot 6,1 prosent førre år.

Månadsverk



Brutto månadsverk i mai var 2259. Dette er 39 fleire enn rapportert for same periode i fjor.
Netto månadsverk i mai var 2067. Dette er 56 fleire enn rapportert for same periode i fjor.


Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Uønska hendinger meldt i avvikssystemet Synergi

Tabell som viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:

Diagrammet viser melde saker i tida 01.01.16-30.04.16:



Pasientrelaterte saker:

Det har siste periode vore meldt fleire pasientrelaterte saker, men som har hatt liten innverknad på behandlingresultatet. Utfordringar som er løfta fram, gjeld blant anna handtering av legemiddel og saker knytt til samhandling for pasientflyt mellom avdelingar.

HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø eller sikkerheitsbrot som gjev fare for skade, eller har medført skade for tilsett. Det er i perioden meldt nokre saker som omhandlar trugsmål frå pasientar, og nokre knytt til sikker handtering av utstyr.

IKT/informasjonsrygggleik:

Denne type saker kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Siste periode er det meldt nokre få tilfelle om dokument skanna inn i feil pasientjournal.

Driftssaker:

Driftssaker registrerer hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Det har ikkje vore registrert særskilte hendingar siste periode.

Frekvente hendingar:

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskilt i Helse Førde sine diagnostiske avdelingar. Ei jamleg hending har vore kassering av blod etter blodgjeving.

Forbetringsområde:

Forbetringsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Det er meldt inn forslag om forbetring for koordinering av pasientflyt mellom FSS og dei andre einingane.

Klager/NPE (samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Nokre saker gjeld at melderutinane ved utskrivning ikkje har blitt følgt.

Tilsynsrapport som grunnlag for læring – per 31. mai 2016

HELSE-FØRETAKE	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Førde	Statens Helsetilsyn samtilsyn med Statens Legemiddelverk «Blod, blodkomponenter, organdonasjon», kvalitetssystem, identifikasjon	Tilsynsrapport av 11.12.15	1 systemavvik, gjeld praksis og opplæring identifikasjon og dobbelkontroll ved transfusjon		Tiltak under implementering: <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeidd ny sentral opplæringsplan for alle tilsette som utfører blodtransfusjon, vert elektronisk i Kompetanseportalen • Blodtransfusjon blir internerisjion hausten 2016 • Prosedyrer som skildrar det overordna Kvalitetssystemet skal betrast og det vert gjennomført leiinga sin gjennomgang av KS-systemet hausten 2016 Frist for tilbakemelding til Helsetilsynet 1.5.2016. Svar sendt frå Helse Førde 4.5.2016 Brev frå Helsetilsynet om avslutting av sak mottatt 19.5.16. (SH ønskjer internerisjionsrapportar oversendt etter gjennomføring, januar 2017).	Sak avslutta med brev av 19.05.2016
Helse Førde	Statens Legemiddelverk samtilsyn med Statens Helsetilsyn, «Blod- /komponenter, organdonasjon», kvalitetssystem, identifikasjon	Tilsynsrapport av 18.11.15	10 observasjonar, gjeld kvalitetssystemet LMBB		Svar frå Helse Førde med skildring av tiltak sendt Statens Legemiddelverk 10.12.15 Brev frå Legemiddelverket av 05.04.2016 med kommentarar til framdriftsplanen. Ber om innsending av ytterlegare dokumentasjon, med frist 10.06.2016	

Tabellane over og under syner systemtilsyn. Tabellane inneheld ikkje kommande tilsyn, eller tilsyn der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre, ei heller tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert totalt 24 tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 1.6.2016.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.

Sju saker gjeld varsel av tilsyn/innhenting av dokumentasjon/utføring av spørjeundersøking før eventuelt tilsynsbesøk. Nokre saker er starta opp før 2016.

Åtte saker er registrert avslutta i 2016.

Av opne saker med avvik er det siste månad fem saker, sjå tabell ovanfor. Lærings-/forbetringstiltak er under implementering i alle desse sakene.

Andre tilsyns- og klageorgan: Oversikt over saker som ikkje er avslutta i perioden.

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSR APPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA
Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap (DSB)	Helse Førde HF	Kvalitetssystem, Tekniske anlegg, medisinteknisk utstyr vedlikehold og opplæring mv	19.05.2016	1 avvik	Frist for tilbakemelding 30.07.2016	Opplæring i sikker bruk av medisinteknisk utstyr for legegruppe er mangelfullt dokumentert – utan fast intervall for vedlikeholdsoplæring.
Det Norske Veritas (DNV)	Helse Førde HF	Revisjon miljøstyringssystem ISO 14001 Grønt Sjukehus, veke 40	Tilsyns-Rapport 05.10.15	3 avvik	Avtalt GAP-analyse vår 16 og tilsynsbesøk Veke 40 2016	Avvika vert følgt opp koordinert ved miljørådgjevar (HR/BHT). Avvika gjeld: 1) Deklarering av farlig avfall, teknisk drift 2) Samsvarserklæring, oppdaterast med tilvising til 2 nye regelverk 3) PCB i vindauge, vurdere skifting el merking GAP analyse gjennomført av DNV 03.05.16. Prosedyrer under revisjon for å bli resertifisert etter ny standard, Planlagt tilsyn i veke 40, 2016
Lokale El-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, held saka «open», over tid	25.9.15 rapportmålingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Tiltak: Vert utført jamleg monitorering /målingar haust 2015 og vår 2016.
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids-Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansestasj.	01.01.2016 Ny frist for Sogndal er 31.08.16	Utarbeidd tidfesta handlingsplan sendt til AT 26.06.13, med ulike fristar fram til 01.01.16. Helse Førde har dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. <u>Status des. -15:</u> Forhold er med i bygningsmessig utviklingsplan styrevedtatt i haust -15. Prossessar anbod, anskaffelsar og forhandlingar for Høyanger og Vik. Teke i bruk mellombel lokale Selje. Søknad om ny frist for Sogndal sendt 17.11. innvilga ved brev frå Arbeidstilsynet 02.12.15